

Desse vil Distrikts-Høgre ha inn i leiinga

Frå NRK Vestland. <https://www.nrk.no/vestland/distrikta-pressar-pa-for-a-fa-plass-i-hogre-si-nye-leiargruppe-1.17629920>

Presset aukar på å få fleire representantar frå distrikta inn i den nye Høgre-leiinga. NRK har kartlagt 17 kandidatar som er spelte inn til valkomiteen.

HEILE LANDET I BRUK: Om leiarkabalen ikkje var krevjande nok allereie, så aukar presset frå distrikta om å få plass i den nye Høgre-leiinga.

Saka oppsummert:

- Distrikta krev større representasjon i Høgre si toppleiing.
- NRK si oversikt viser at det er spelt inn minst 16 distriktskandidatar til valkomiteen
- Bergen Høgre krev at Peter Frølich frå Bergen får plass i leiartrioen.
- Nordland Høgre har spelt inn tre lokale kandidatar.
- Geografisk balanse i leiinga blir sett på som avgjerande for å sikre partiet sin posisjon som eit breitt folkeparti.

Oppsummeringa er laga av ei KI-teneste frå OpenAI. Innhaldet er kvalitetssikra av NRK sine journalistar før publisering.

Leiar i valkomiteen til Høgre, Christian Ingebrigtsen har fått svar på tiltale etter at han i september inviterte til ein «brei og open» innspelsrunde frå grasrota i partiet.

NRK har sett opp ei liste med 17 namn som er spelte inn til valkomiteen. Sjå under.

– Vi bør ikkje berre ha folk frå Oslo-området og Bergen i partileiinga, slik det er no, seier gruppeleiar i Harstad Høgre, Nina Dons-Hansen.

Bergen Høgre kom førre veke på banen med eit [krav](#) om at *bergensaren* Peter Frølich må inn i den nye leiartrioen, og frå Lillesand heiter det at [heile](#) partileiinga bør bli bytt ut.

No vil også nordlendingane ha sitt.

I eit brev til valkomiteen har Nordland Høgre spelt inn fleire «svært dyktige» distriktskandidatar som dei meiner kan bidra til å parere det som elles kan bli ei Oslo-dominert Høgre-leiing.

I tillegg til ny leiartrio skal Høgre sette saman eit nytt arbeidsutval (AU).

17 kandidatar som er spelt inn for å skjerpe distriktsprofilen

- Mari Holm Lønseth, Trøndelag
- Mahmoud Farahmand, Telemark
- Erlend Svardal Bøe, Troms
- Anna Molberg, Hedmark
- Magnus Mæland, Finnmark
- Grete Ellingsen, Nordland
- Mathias Bernander, Agder
- Birgitte Gulla Løken, Vestfold
- Anne Strømøy, Vestfold
- Odd Emil Ingebrigtsen, Nordland
- Marianne Dobak Kvensjø, Nordland
- Bård Ludvig Thorheim, Nordland
- Cecilie Mathisen, Troms
- Nina Dons-Hansen, Troms
- Martin Nymo, Troms
- Geir Inge Sivertsen, Troms
- Fredrik Holm, Østfold

Thorheim: – Eg er klar til å bidra

Lista frå Nordland Høgre inneheld kandidatar frå heile landet, men peikar i første rekke på tre representantar frå eige fylke:

Odd Emil Ingebrigtsen, Marianne Dobak Kvensjø og Bård Ludvig Thorheim.

– Ei ny Høgre-leiing må representere viktig kystkultur og verdiskaping. Og det kan både Marianne og Odd Emil vareta, svarer Bård Ludvig Thorheim når NRK tar kontakt.

– *Og kva med deg sjølv?*

– **Eg er klar til å bidra, men kjenner eg også får gjort det som stortingsrepresentant.**

Nikolai Astrup viste til sprengkrafta i spørsmålet om geografisk representasjon da han søndag erklærte at det stod om leiarvervet – [eller ingenting](#).

Med ein Oslo- eller Akershus-kandidat på topp (Ine Marie Eriksen Søreide eller Henrik Asheim), vil det med dagens «reglar» for representasjon ikkje vere politisk berekraftig å plassere Astrup blant nestleiarane.

– **Bør vere nokon frå Nord-Noreg**

– **Mi meining er at det bør vere nokon frå Nord-Noreg og kommunepolitikken i leiinga til Høgre, seier Bodø-ordførar Odd Emil Ingebrigtsen (H).**

I mars tapte han ei kampvotering mot Peter Frølich om å få plass i arbeidsutvalet til Høgre.

Ingebrigtsen legg til at det «hyggeleg å bli nemnt» i leiarkabalen, og at det er «kommunane som står for det meste av kvardagsvelferda, som grunnskole og eldreomsorg».

– **Da bør dei perspektiva komme fram, seier han.**

– Eg var ikkje klar over at mitt namn var spelt inn, så det var ei hyggeleg overrasking, seier Grete Ellingsen frå Sortland.

Ho seier til NRK at ho er disponibel og «gjærne blir vurdert som medlem i AU».

– **Det at eg er frå ein middels stor forsvarskommune i Nord-Noreg kan gi nokre perspektiv som partiet kan dra nytte av.**

- **Feil! Filnavn er ikke angitt.**

Kasper Holgersen

Mari Holm Lønseth, Trøndelag Høgre

Nå skal vi løfte Høgre til nye høgder, og igjen bli det leiande partiet på borgarleg side. Skal vi lykkast, må leiinga vere breitt samansett. Det er hyggeleg å bli nemnt som ein aktuell kandidat, og eg vil prate med valkomiteen om dei ønsker å snakke med meg.

- **Feil! Filnavn er ikke angitt.**

NRK

Marianne Dobak Kvensjø, Nordland Høgre

Det er viktig at vi i Høgre vel ei dyktig leiing som evnar å ta pulsen i heile landet, ikkje berre i storbyane. Det er heldigvis god plass, sidan han består av både ein leiartrio, to AU-plassar og leiar av Høgres kvinneforum.

- **Feil! Filnavn er ikke angitt.**

NRK

Gjermund Krogstad, Fylkessekretær i Østfold Høgre

Vi har fremja forslag på 40 år gamle Fredrik Holm. Han er godt likt, allsidig politisk, med ein utradisjonell Høgre-bakgrunn og er ein dyktig representant blant Høgres 108 ordførarar. Fredrik er dessutan aktiv i arbeidet for kjernekraft som alternativ energikjelde, og ein allsidig Høgre-representant utanfor hovudstadsområdet.

- **Feil! Filnavn er ikke angitt.**

Benjamin René Dyrdal / NRK

Ove Trellevik, Hordaland Høgre

Vi i Øygarden Høgre er tydelege på at geografisk maktspreiing er nødvendig, og vi stiller oss bak vår eigen kandidat Peter Frølich frå Vestland. Det er naturleg at Norland prioriterer slik dei gjer. Det finst gode kandidatar i alle fylkeslag til å vere med i leiinga av Høgre i åra som kjem.

- **Feil! Filnavn er ikke angitt.**

HENRIK EINANGSHAUG / NRK

Nina Dons-Hansen, Gruppleiar Harstad Høyre

Vi meiner det er viktig å breidde ut partiet om vi igjen skal bli eit folkeparti som er relevant og representert i og frå heile landet. Vi bør ikkje berre ha folk frå Oslo-området og Bergen i partileiinga/arbeidsutvalet (slik er det nå). Nord-Noreg er strategisk viktig, spesielt i den sårbare tida vi er inne i nå.

- **Feil! Filnavn er ikke angitt.**

Alf Simensen / NTB

Sture Pedersen (H), ordfører i Bø kommune

Vi må unngå å få ei Oslo-dominert Høgre-leiing. Skal vi bygge eit folkeparti for heile landet, må det bli reflektert i kven som sit i arbeidsutvalet.

- **Feil! Filnavn er ikke angitt.**

Ole Espen Strand, Fylkessekretær i Telemark Høgre

Vi er opptatte av at valkomiteen får gjort ein grundig jobb blant mange gode kandidatar. Telemark Høgre har spelt inn eit namn til valkomiteen. Vi stiller oss bak Mahmoud Farahmand som kandidat til Høgres leiing, medlem av AU. Mahmoud representerer ein tydeleg og verdiforankra konservativ stemme, med brei erfaring frå politikk, forsvar og samfunnsliv.

Privat

Bente Kari Sletten Taranger (H), ordfører i Austevoll

Austevoll Høgre har gitt innspel på at me ynskjer Peter Frølich som partileiar.

-

Høyre

Silja Ekeland Bjørkly, Gruppleiar i Vestland Høgre

Vestland Høgre har sendt innspela våre til valkomiteen. Utover dette har eg ingen kommentarar til arbeidet som går akkurat nå føre seg.

-

Cathrine Gulbrandsen, Fylkessekretær i Vestfold Høgre

Vestfold Høgre har gitt innspel til valkomiteen på ordfører i Larvik, Birgitte Gulla Løken og fylkesordfører Anne Strømøy som sterke kandidatar til Arbeidsutvalet. Om leiarvalet meiner VH at partiet må velje ei leiing som er breitt samansett og som speglar ulike delar av partiet. I AU må det også sitte leiande lokalpolitikarar.

privat

Yngve Fosse (H), ordfører i Askøy

Vi støttar Peter Frølich og meiner han er ein sterk kandidat inn i ein leiartrio.

Stranda kommune

Einar Arve Nordang (H), ordfører i Stranda

Det er mange gode namn som kan tenkast i ei ny leiing i Høgre. Ein leiar i Høgre er større enn eit enkelt fylke, men det er ein fordel at vi ikkje hentar alle talent innanfor Ring 3.

Austrheim Høgre

Morten Sognnes (H), ordfører i Austrheim kommune

Peter Frølich er ein eineståande kandidat. Andre frå Vestland kan vere Tom Georg Indrevik, som er ein dyktig og engasjert ordfører i Øygarden kommune.

– Høgre skal vera eit breitt folkeparti

Høgre har i dag 108 ordførarar spreidde omkring i heile landet.

Noralv Distad, som representerer Høgre i fylkestinget i Vestland, etterlyser ei leiargruppe som speglar breidda i ordførar-kollegiet.

– Høgre skal vera eit breitt folkeparti med forankring i og representasjon frå alle landsdelar, seier han.

Han legg til at det er «svært viktig at Peter Frølich kjem inn i toppleiinga».

– Geografisk fordeling kan vere ein styrke i staden for ei konfliktlinje. Styrken ligg i å byggja saman ulike interesser, synspunkt, behov og løysingar. Derfor er spørsmålet om geografisk representasjon så viktig.